



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Birte Markeseth Aasen,

Vår dato
30.01.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/327
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland v/rådmann

Spørsmål om organisering av og tilbud om førebyggjande helsetenester

Etter helse- og omsorgstenestelova skal alle kommunane ha tilbud og yte tenester som fremjar helse og medverkar til å førebyggje sjukdom, skade og sosiale problem. Tilbodet skal omfatte hjelp til endring av levevanar. Fleire kommunar har valt å opprette frisklivssentral for å gje tilbud og møte behov for slik helsehjelp.

Det er ikkje lovpålagt å organisere tilbodet som frisklivssentral, men eit krav om at alle skal gje denne typen helseteneste. Kommunane avgjer sjølve organiseringa.

KOSTRA-tal gir informasjon om kva kommunar som har frisklivssentral. I følge KOSTRA 2016 har 40 % av kommunane i fylket frisklivssentral.

Med heimel i helsetilsynslova § 3, jf. helse- og omsorgstenestelova § 12-3 ber vi om å få opplysningar om korleis kommunane som ikkje har frisklivssentral, har organisert sine helsetenester for hjelp til endring av levevanar og kva tilbod de gir.

Vi ber om å få oppgitt namn på kontaktperson i kommunen og ei kort orientering om kva frisklivs-, lærings- og meistringstilbod kommunen har.

[På nettsida vår finn de informasjon om tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod 2018.](#) Søknadsfristen er 1. mars 2018.

Innan 1. mars 2018 ber vi ber om tilbakemelding med namn på kontaktperson og informasjon om kva tilbod de gir. Send gjerne svaret som e-post til fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Birte Markeseth Aasen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

